



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Bråten

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Referat frå møte i Øystre Slidre ungdomsråd, torsdag 7. oktober 2021

Stad: Ungdomens kulturhus Gapahuken

Møtt: Kristin Alfstad, Erlend Aasan, Eirik Bråten, Jostein Sørensen, Ingrid Stalenget

For kommunen: Øystein Skattebu

Sak 11/21 Konstituering av nytt ungdomsråd 2021/2022

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok i sak KS21/1983 ny samansetning av ungdomsrådet i Øystre Slidre.

Ungdomsrådet består av følgjande medlem med personleg vara:

Medlem:	Personleg vara:
Kristin Alfstad (18), Heggenes	Sina-Alida Van Veen-Skattebu (18), Rogne
Eirik Bråten (16), Skammestein	Sebastian Hansen (17), Beitostølen
Ingrid Stalenget (14), Beitostølen	Katrine Kolbjørnshus (15), Rogne
Jostein Sørensen (14), Heggenes	Margit Onstad (14), Volbu
Erlend Aasan (13), Beitostølen	Eva Hoffman (14), Rogne

Jamfør reglement for Øystre Slidre ungdomsråd, §01 *Val og samansetting*, skal ungdomsrådet konstituere seg sjølve, med leiar og nestleiar.

Vedtak:

Ungdomsrådet valde samrøystes Eirik Bråten til leiar og Ingrid Stalenget til nestleiar for ungdomsrådet 2021-22.

Sak 12/21 Markering av TV-aksjonen 2021

Bakgrunn for saka:

Ordføraren har kome med ei oppmoding til ungdomsrådet om å sette fokus på TV-aksjonen 2021, «Barn, ikke brud».

I beskrivinga av målet med årets aksjon, skriv NRK:

«Med årets TV-aksjon skal vi nå ut til tre millioner mennesker for å få slutt på barneekteskap i de landene der problemet er størst: Bangladesh, Nepal, Malawi, Mali og Niger.

Vi skal jobbe for at jenter får bli på skolen, at barn, unge og eldre får opplæring i jenters rettigheter og i likestilling og at lovverket skal beskytte barn fra å bli giftet bort. Barn skal få være barn, ikke brud.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Bråten

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Vedtak:

Ungdomsrådet tykkjer TV-aksjonen 2021 går til ein viktig sak, og ynskjer å vere med på dugnaden. Ungdomsrådet vil sjå på moglegheitene for å ha stand med sal av vaflar og kaffi på Beitostølen, laurdag 23.oktober, til inntekt for TV-aksjonen.

Skrivar

Øystein Skattebu